



DEN NORSKE KYRKJA
Jostedal sokneråd 2006-2009

dok 378

Kultur- og kirkeavd.	
Et	
Saksnr.	200800738 8.9.08
Kode	Ki-501
Postboks 93	
6866 GAUPNE	
Tlf: 57685639	
Faks: 57685646	

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen, postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Gaupne 29.08.2008
Vår sakshandsamar: Marianne Moseng
Vår ref.: 08/00011-003
Arkivkode: 002.9

HØYRING - STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KIRKE.

Jostedal sokneråd har i møte 26.08.08, sak 032/08, gjort slikt vedtak:

” Jostedal sokneråd ser positivt på dei ulike framlegga til tiltak innstillinga skildrar om styrking av demokratiet i Den norske kyrkja. Framlegga verkar interessante og fornuftige ut frå målsetjingane. Dei viktigaste framlegga er etter vårt syn dei tiltaka som handlar om å styrke valdeltakinga ved soknerådsvale. Ein felles kyrkjeleg valdag, som fell saman med Stortingsvalet, har synt seg positivt der det er prøvd ut. Det er også viktig med styrking av informasjon om kandidatar, røysterett og gjennomføring av valet.

Jostedal sokneråd meiner at tilføring av ekstra ressursar, slik det også går fram av innstillinga, er ein **klar** føresetnad for å gjennomføre dei tiltaka som er lagde fram.

Jostedal sokneråd sluttar seg til framlegget om å auke delen av leke medlemmer i Bispedømerådet (BDR) og at desse skal veljast ved direkte val. Me trur at dette kan styrkje oppfattinga av BDR og Kyrkjemøtet som ”folkevalde” organ.”

Venleg helsing

Marianne Moseng
Marianne Moseng
Kyrkjelydssekretær